



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sara Brattfjell Heggland		2022/581-198	«REF»	11.12.2024

Høyring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for Bondhus - Sundal turist- og friluftsområde - 59/1, 60/1 med fleire - PlanID 20220001

Høyring og offentlig ettersyn - Detaljregulering for Bondhus - Sundal turist- og friluftsområde - 59/1, 60/1 med fleire - PlanID 20220001

Plan-, teknikk- og miljøutvalet vedtok 26.11.2024 at [Detaljregulering for Bondhus-Sundal turist- og friluftsområde – 59/1, 60/1 med fleire](#) (PlanID 20220001), sendast på høyring og offentlig ettersyn. Planforslaget er utarbeida av 3RW arkitekter AS på vegne av Kvinnherad kommune. Planarbeidet har som føremål å leggje til rette for stadutvikling, trafikkisikring, parkering, turisme og friluftsliv i samsvar med viktige natur- og kulturverdiar.

Følgjande gjeldande reguleringsplanar er delvis føreslått oppheva:

- [Reguleringsplan – Fv 49 – Ænes-Austrepollen – Statens Vegvesen, PlanID 19950002](#)
- [Bebyggelsesplan 60/4, Sveinung Sandvik, Mauranger, PlanID 20050020](#)

Vedtaket er gjort på følgjande vilkår:

1. *Plankart justerast i samsvar med innmålte tiltak som Vestland fylkeskommune har gjennomført langs Sunndalsvegen jf. SOSI-fil 04.10.2024. Justering gjeld følgjande arealføremål: BG1, o_FO1, o_AVG, o_TO1, o_KH1, o_TO1, o_FO3, o_PP2, f_PP1, LNFR og SF1, med naudsynte justeringar i plandokument som endringa røyrar ved, før 2. gongsbehandling.*
2. *Planforslaget skal sikre at det vert etablert dreisløysing for å redusere overvatn frå sideveg inn på fv. 500, jf. vedtak for søknad om fråvik datert 04.10.24 , før 2. gongsbehandling.*
3. *Isvegen utanfor byggesona (o_TV2-3) endrast til friluftsføremål før 2. gongsbehandling. Det er tillate med enkel tilrettelegging for friluftsliv. Tilkomst for 59/32 og 59/33 skal sikrast.*

4. *Det skal tilretteleggast for bussløysing med maksimalt 3 oppstillingsplassar for buss, med trafikkikker på- og avstiging på f_PP4, i tillegg til snusløyfe.*
5. *Basiskart med eigedomsgrenser oppdaterast før 2. gongsbehandling.*

Om planforslaget

Planforslaget har som føremål å leggje til rette for stadutvikling for innbyggjarar, besøkande og næringsdrivande. Planområdet utgjer innfallsport til Bondhusvatnet som besøksmål, og grensar dermed til verneområda Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark.

Med aukande turisme som genererer trafikkale utfordringar er trafikkisering eit føremål. Planforslaget sikrar mjuke trafikkantar ved å leggje til rette for fortau, turveg og møteplassar på dei mjuke trafikkantane sine premisser. Det skal også sikre trafikkikker tilkomst til friluftsområda. Samstundes er eksisterande avkøyrslar utvida, og avkøyrslar frå fylkesvegen er redusert for å forbetre trafikktryggleiken i området. Busshaldeplassar for kollektivtransport er plassert nærmare sentrumsområda, og er utforma som kantstopp.

Eit anna hovudføremål er å styre arealbruk for parkering. Parkering for besøkande til Bondhusvatnet og på- og avstiging for besøkande som kjem med turistbussar er lokalisert øvst i Bondhusdalen. Planforslaget opnar også for å etablere innfallsport for nasjonalparken på parkeringsområdet, og samstundes leggje til rette for servicebygning med toalett. Planforslaget sikrar også parkering for besøkande og næringsdrivande i Sundal sentrum. Parkeringsløysingane har negativ påverknad på registert dyrka mark.

Plangrepet med samanhengande torg, gatetun, kaianlegg og blågrøn struktur bidrar til sosiale møteplassar i Sundal sentrum, og kan utviklast vidare i samsvar med kulturmiljøverdiane som det eksisterande bygningsmiljøet har. Blågrøn struktur skal vidare sikre strandsoneverdiane og kantvegetasjon langs elvebreidda. Ein legg også opp til moglegheita for etablering av gangbru for å forbetre gangtilgjenge ved utløpet av Bondhuselva. Leikeplass er i større grad skjema frå ytre påverknad i nærleiken av sentrum.

Sundal er nærsenter i kommuneplanens samfunnsdel (KPS), og planforslaget opnar for sentrumsområder for å leggje til rette for vidare utvikling av staden. Det er lagt til rette for ny tilkomstveg for sentrumsområda for å samle avkøyrslar, og dermed sikre samanhengande fortau langs fylkesvegen.

Isvegen har som føremål å vere turveg frå sentrum til Bondhusdalen på vestsida av dalen, og planforslaget sikrar at denne kan opprustast i samsvar med kulturminneverdiane i kulturlandskapet. I samband med planarbeidet er det registert fleire automatisk freda kulturminnar i Bondhusdalen. Generelt innehar planområdet store verdier tilknytt landbruk, landskap, friluftsliv, kulturminne og naturmangfald.

Frist for merknad

Merknad til planforslaget sendast til post@kvinherad.kommune.no, eller som brev til Kvinherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal, **innan frist 07.02.2025**.

Kommunen inviterer også til informasjonsmøte **14.01.2025 17:00-19:00 i Olaløo** (Bondhus 41, 5476 Mauranger).

Vedlegg:

Saksprotokoll

Føresegn
Plankart
Planomtale
ROS-analyse
Konsekvensutredning

Andre dokument er tilgjengelig i planregisteret under planbehandlinger > Offentleg ettersyn:
<https://www.arealplaner.no/4617/arealplaner/350>

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Grethe Sandvik	Rosendalsvegen 10
Grete Solheim	Rosendalsvegen 10
Terje Natland	Rosendalsvegen 10
Egil Eide	Kvinnherad kommune
Sigbjørn Øye	Rosendalsvegen 10
Øyvind Ousdal	Rosendalsvegen 10
Anbjørn Høivik	Rosendalsvegen 10
Synnøve Handeland	Rosendalsvegen 10
Karen Løvfall Våge	Rosendalsvegen 10
Helene Olderkjær Lillebø	Rosendalsvegen 10